



Elin med beviset på at ho er med i det eksklusive lauget (Foto: Ola Matti Mathisen)

1. desember opnar Elins Matgleder på Feet og Elin Enes har fått ein flying start ved å bli ein av dei 6 medlemmene i Hjemmekokklauget til Eyvind Hellstrøm. I kveld slår ho fast for uskedalen.no at etterspurnaden har auka mykje allereie - altså før det vart kjent at ho er med i det eksklusive lauget. Elin var nummer 3 som vart gjort kjent og i dei 3 nærmaste dagane blir det letta på sløret for dei 3 siste. For dei gjeld framleis teieplikta. Elin må nøye seg med å slå fast at dei 6 er svært forskjellige med omsyn til engasjement for mat.

- For ei skravlebøtte som meg har det vore anstrengande med den langvarige teieplikta, innrømmer ei glad Elin som kom att frå Italiaturen måndag full av gode minnar og opplevingar i matens og vinens høgborg. No slappar ho av og kan konstatera at produksjonslokale og butikk er klare. Når ho opnar om ein knapp månad vil det skje nøyaktig ni år etterat ho opna verksemda si i Gamleskulen.

-Vart du overraska då du fekk telefonen om at du var ein av dei 6?

-Eg vart svært overraska fordi eg regna med at eg var ute av leiken på grunn av utviklingen i røystetala. Men eg har hatt mange støttespelarar og vil takka dei for innsatsen. Eigentleg hadde eg planlagt ein tur til Oslo den aktuelle helga, men så vart det Italia i staden og det gjorde meg overlukkeleg.

Til Jernias nettavis fortel Elin at ho laga middagane til familien då ho var 5 og at det kjekkaste ho visste var å bake kakar og bollar. Lidenskapen for baking var ein hovudgrunn for at Hellstrøm peika ho ut som bakermeisteren i lauget. Det er viktig for Elin å friste andre til å satsa på enkle og ukompliserte metodar. Hvis ein startar med noko enkelt aukar sjølvtiliten etterkvart og ein kan gå laus på større og meir krevjande oppgåver.

Ein av dei nærmaste oppgåvene til Elin er både krevjande og smigrande. Like over helga skal ho til Oslo og servera noko søtt og godt til Nordisk Ministerråd!

Av Ola Matti Mathisen